

**Kvinnherad Breiband reagerer på at rådmann Trond Sætereng under formannskapsmøtet torsdag opplyste at KB ikkje har handtert anbodssaka på forskriftsmessig vis og at det var grunnen til at anbudet deira ikkje vart opna.**

Dagleg leiar Steinar Prestnes gjev uskedalen.no dette oversynet over saksgangen sett frå KB sin synsstad:

- Kvinnherad Breiband kontakta kommunen om å få meir informasjon om anbudet enn det som låg ute på innkjøpsregisteret. Då fekk vi beskjed om at det ikkje var meir informasjon og tok utgangspunkt i den som var der.

Det stod ikkje noko om at vi ikkje kunne senda inn dette elektronisk. Men så viser det seg at det er meir dokumentasjon og der står at det ikkje går an å senda elektronisk.

Dermed føler vi at det som er skjedd ikkje er vårt ansvar og reagerer på at vi blir teke på ein formalitet.

Det er uheldig at rådmannen heng oss ut på denne måten. Difor vurderer vi og om vi skal klage på avgjerda om å sjå bort frå vårt anbod.

Vi har lagt ein masse arbeid i dette – vi skreiv til og med søknaden for kommunen om tildeling av midlar, opplyser Steinar Prestnes.

Av Ola Matti Mathisen